



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Terje Natland, 5557 2168

Vår dato
10.11.2016
Dykkar dato
22.09.2016

Vår referanse
2016/8163 421.53
Dykkar referanse

Reidar Furelid
Vassbygdvegen 271
5912 SEIM

Vedkjem tilbakemelding - Baståsvegen - Vedlikehaldskontroll skogsvegar - Lindås kommune 2016

Viser til dykkar brev av 22/9-2016 der det vert vist til at varsel om vedlikehaldskontroll av Baståsvegen ikkje er kome fram til deg.

Brevet er sendt herfrå den 16/6-2016 og vi er lei for at du ikkje har motteke dette. Dialog med vegeigar er ein sers viktig del av vedlikehaldskontrollen.

Det var difor svært hyggjeleg at vi fekk ei fin synfaring torsdag 24.november 2016 der skogbrukssjef Nils Kaalaas deltok i lag med deg og underteikna.

Det var interessant å høyre bakgrunn og historia rundt veganlegga og det var verdifullt å få dykkar synspunkt på kva som må gjerast med veganlegget.

Vi ser fram til å sjå vegen att når vedlikehald er utført og nyttar høve til å ønskje deg ein god førjulstid.

Med helsing

Dirk Kohlmann
ass. landbruksdirektør

Terje Natland
fylkesskogmeister

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.